

# MENS HJULA STÅR



Ein Oskar Braaten-kabaret  
sett saman av Unn Vibeke Hol

**det norske teatret**

## Arne Skouens føreord til *Oskar Braaten: Samlede verker*

Enno kan eg ikkje passere Schous Plass på nedre Grünerløkka utan at eg tek ein sving bortom steintrappa framfor Deichmanske bibliotek. Så mange bøker å tenkje på, lånte inne i hyllene, frå før eg var ti år. I minnet er det alltid sommar over trappa, og glovarm stein å sitje på med ny oppleving å bla i, om boka eg hadde vore på jakt etter endeleg er inne, så eg kunne få ho.

Så mange bøker å hugse over 50 års avstand. Likevel møter eg trappa med ei særleg hending nærmast i minnet, da eg var 13 og kapplas med ein kamerat som budde like i nærleiken, nedst i Thorvald Meyers gate; eg budde oppe ved Birkelunden. Han viste meg ei bok han hadde funne på vaksenavdelinga, der hende det at vi slapp inn fordi vi var stamlesarar. Han hadde lånt ho på grunn av den spennande tittelen, *Ulvehiet*, men venta seg ikkje for mykje. For det stod Oskar Braaten på ho, og det var ikkje det same som kaptein Marryat, eller Carit Etlar, eller Fenimore Cooper, eller Gabriel Scott.

Dagen etter møttest vi på trappa igjen, solskinet baka. Han var der da eg kom, reiste seg og vinka. Han hadde med seg *Ulvehiet*, bladde opp på måfå, som om det var nok å ta av, peika endeleg på ei av sidene og sa: les der! Eg las:

*Gå vekk, sier "Døden", han skyver barna til side, han rusker i Ramstad. Han er full som et svin! sier han. – Han pappa er syk! jamrer Spanjolen, han skjelver over hele kroppen, det er snøtt han får ordene fram. – Joda, han er sjuk! gliser "Døden". Hei gutt, rop på den trilla som ruller borti gata, så får vi fanten vekk fra fortauet! – Vi bor like der borte! hakker Spanjolen, han peker mot Ulvehiet, han stiller seg ved siden av sin far, han skal passe på ham.*

Femti år etterpå kan eg slå opp på same sida i *Ulvehiet*, og lese dei same linene,

og hugse sjokket dei gav på trappa for Deichmanske på Schous Plass. Ikkje for det vesle dramaet som blir skildra, vi var vane med voldsomme hendingar hos kaptein Marryat. Ikkje for at konstabelen heitte Døden, vi som kunne verre slengord om messingen tre kvartal unna. Men for gjenkjenninga.

For første gong møtte vi vår eiga verkelege røynd i ei bok. Vi hadde kameratar som hadde fedrar som låg fulle på fortaua, kvar bidige fredagskveld. Men at det kunne skrivast om dei i bøker som ein kunne låne på Deichman, det visste vi ikkje før da. Eg las om Jonny og Matilde med same vantru som kameraten min, og den råka ingen som budde i Ulvehiet, tvert imot kom den same gjenkjenninga. Og spenninga vår var utan grenser da ei av damene bak disken på Deichman fortalde oss at det fanst ei framhalds-bok, som heitte Matilde. Den slukte vi i følgje.

\*

(...) Når eg vel å sitere dei første linene eg las av han, som trettenåring, er det fordi episoden som blir skildra enno står for meg som nøkkelen til Braaten, kanskje på tvers av biletet vi har av han. Det er ein brutal scene som blir skildra, og det heiter i framhaldet om vesle Spanjolen som forsvarar far sin mot politiet:

*- De kan våge å slå'n pappa! sier han. De kan bare våge! – Men "Døden" bare gliser mot ham, ta vekk gutten! sier han til vognmannen. Hjelp'n pappa! sier Spanjolen, han trekker vognmannen i trøya, han stryker ham nedover armen i bønn: Ikke la'n få slå, ikke la'n få slå!*

I dag kallar vi dette ei skildring av politivald. Ordet var ikkje oppfunne på austkanten den gongen, fordi konflikten mellom styresmakta og fattigdomen var ein så sosialt sjølvsgad ting at det ikkje vart stilt

spørsmål ved den. Dei vart berre stilt av dei få som vaka og lærte, og som skulle samle ein samfunnsklasse til organisert kamp.

Denne kampen finn vi ikkje hos Oskar Braaten. Men vi finn forklaringa på fråværet i ein barndom som i uvanleg grad blir verande kjelda til nesten alt han har skrive, og som røper føresetnader som han aldri sleppte taket i. Han var ein varsam gutunge, tvinga til å vere det i eit miljø som var herja av den sterkaste sin rett utanfor tryggleiken i heimen, og sikkert i langt høgare grad enn han bryr seg om å avsløre i fortellinga *Fra mine gutteår på Sagene*. Han hadde ein snev av tuberkulose som tåring, og hamna på Bleikøya, som var fattig-sjukdomens isolat. Da dumpa han nok heilt til botnen i gata si rangering av kampkraft. Heime knelte han med mor og søster på golvet under kveldsbøna; det trur eg ikkje han fortalde kameratane utanfor dørstokken. Han var djupt avhengig av den varme familiekjernen, omgitt av ei sosial slagmark som må ha skremt han. Dette er ståstaden hans som skribent, og dét fekk lojaliteten hans så lenge han levde. Han var utan kampinstinkt, og skrøna det ikkje på seg heller.

Derfor skal vi også møte idyllane, no når vi skal lesa han om att. Han er på leiting etter hjartetaget til folk; det gjorde han sikkert som gut òg. Men stopp ikkje der! I draumen om det gode mennesket ligg angsten gøymd hos Oskar Braaten; det er i spennet mellom idyll og angst vi finn dei finaste verdiane i verket hans – ein dimensjon som har vorte gøymd unna. Kvinner og mødrer er som oftast meklarar i striden for utkommet, i kjøpslåing med

Guds vrede og som ly for innbyrdes vald i fattigdomen. Det var ein fortruleg del av Braatens barndom, som òg i generasjonen etter han på dei same einemerka. Derfor er verket hans fylt av menneske som veit kva angst er, og som forløyser angsten i lengten etter å få møte godhug.



Derfor trur eg ikkje at Oskar Braaten har noko å ottast frå moderne fortolkningar av tekstene hans, om han blir granska på eigne premissar. Det finst reservar i diktninga hans, som opnar seg over avstand og gjensyn.

*H. Aschehoug & Co. 1978*

*Til nynorsk ved Leif Mæhle*

24644

# MENS HJULA STÅR

Ein Oskar Braaten-kabarett  
sett saman av Unn Vibeke Hol



Depotbiblioteket



Ø3sd 24 644

Med  
Unn Vibeke Hol

Musikarar

Gitar Svein Johann Ose

Altsax og fløyte Frøydis Grorud

Regi Cecilia Ölveczky

Scenografi og kostyme Helge Hoff Monsen

Maskedesign Ingun Wagner

Musikalsk ansvarleg og arr. Svein Johann Ose

Inspisient Victoria Aase/Krzysztof Seliga

Lys Rune Aspeggen

Rekvisitør Åse-Berit Litleskare

Sufflør Sissel Lillo-Stenberg

Kostymekoordinatorar Eldbjørg Aarseth/Sølvi Aarre

Vertar Andreas Zsidek/Herve Huck

Foto Eigil Aasen

Première 11. September 2003 på Prøvesalen

Framsyninga er bygd på fem forteljingar av Oskar Braaten:  
Mens hjula star, Grevinna, Han er'ke slik, Entré femti øre og Den nye mora.

Visene er mellom anna henta frå *Lavas viser om kjærligheten*  
og *Olaves Pedersens viser* av Alfred Sinding-Larsen